

messe



JULEPYNT: Åse Markhus har laga denne flotte julepynten ut av gummidekk.



STORD SOGELAG

VIKINGVANDRING:

Stord sogelag, Villvettene Friluftsbarnehage og Rommetveit skule inviterte til vikingvandring på Rommetveit i september.

FOTO: ANITA HAUGLAND



Bruk av kulturminne i barnehage og skule

Eit arrangement under Kystsogevekene 2017 heitte «Vikingtid på Rommetveit» og vart gjennomført 6. september 2017. Stord sogelag, Villvettene Friluftsbarnehage og Rommetveit skule samarbeidde om programmet, og det var eit program knytt til prosjektet «Bruk av kulturminne i barnehage og skule». Nausttufta på Rommetveit frå ca. år 1000 var utgangspunktet i dette arrangementet. Stord sogelag fortalte litt om prosjektet, bakgrunn og oppstart. Barn frå Villvette Friluftsbarnehage ynskte velkommen og fortalte korleis dei nyttar kulturminnet, elevar frå Rommetveit skule fortalte om nausttufta. Deretter gjekk me opp til gymsalen på Rommetveit skule der lærar Øyvind Nordlie fortalte om det pedagogiske opplegget, og han og elevane synte filmar dei hadde laga om korleis folk hadde det i vikingtida.

16. november 2017 fortalte Atle Bjørn Mæhle, Stord Sogelag, Kari Aas, Villvettene Friluftsbarnehage og Øyvind Nordlie på eit møte i sogelaget om bakgrunnen for prosjektet «Kulturminne i barnehage og skule», gjennomføring av programmet «Vikingtid på Rommetveit» og om korleis ein elles brukte kulturminnet.

Bakgrunn

Stord Sogelag drøfta på eit styremøte i 2014 spørsmålet om kulturforståing i ei tid der verda stadig vert «mindre». I ei globalisert verden vert ein lett kulturforvirra dersom ein ikkje er trygg på sin eigen kultur og si eiga historie. Me ser meir og meir kor viktig det er å ha kunnskapar om, oppleva og forstå sin eigen kultur. Særleg er det viktig for barn og unge.

Gjennom slikt arbeid byggjer dei opp ein trygg identitet og får god sjølvkjensle. I læreplanar og stortingsmeldingar dei siste 10–15 åra har styresmaktene presisert at barnehagar og skular i sterke grad må nyttar kulturminna i nærområdet i dette arbeidet.

Atle Bjørn Mæhle, Stord sogelag, tok spørsmålet opp med Stord kommune og gjorde framlegg om at me saman laga eit prosjekt der me ordna til kulturminne i nærlieken av barnehagar og skular. Barnehagane og skulane kunne få eit visst ansvar for kulturminnet og på den måten få eit eigarforhold til det. Dei kunne bruka det i opplæringa når det høvde.

Kulturkonsulent Guri Aksnes tykte det var ein god ide, og ho drøfta det med kommunalsjef for barnehage og skule som var positiv. Guri tok kontakt med Idretts- og kulturkontoret i Hordaland Fylkeskommune. Dei var også positive, og arkeolog Solveig Lohne Rongved vart deira representant i prosjektet.

Døme på kva me kan gjera

I prosjektet starta me med ei nausttuft på Rommetveit frå om lag år 1000. Kulturminnet var overgrodd med tre og buskar. Statsbygg som eig området hjelpte godt til og var med i prosjektet. Saman hadde me dugnader og rydda tufta. Nausttufta er 28 x 15 meter, og ein meiner naustet og skipet som var inni var ein del av leidangen.

I dette prosjektet var Stord sogelag, v/Atle Bjørn Mæhle, Stord kommune v/Guri Aksnes og Hordaland Fylkeskommune v/arkeolog Solveig Lohne Rongved, Statsbygg v/Ragnhild Lunde, Villvettene Friluftsbarnehage, og etter

kvart vart Rommetveit skule og Nordbygdo ungdomsskule med.

I dette området tok med også med og la til rette ei gravrøys på Breivikneset frå år 0 – 200/300 etter Kristus.

Me fekk sett opp skilt med tekst og illustrasjonar. Me har lagt vekt på å få gode illustrasjonar og tekst som høver for barn og unge.

Kulturløype

Barnehagen, skulane og andre har nyttet desse kulturminna i ulike samanhengar. Villvettene Friluftsbarnehage har desse to kulturminna som postar i kulturløypa si.

Våren 2017 tok dåverande 6. klassar på Rommetveit skule utgangspunkt i nausttufta då dei hadde tema om vikingtida i opplæringa. Med utgangspunkt i ulike sider av livet til folk i vikingtida laga dei filmar som dei synte fram. Programmet som 6-klassane laga var sentralt i dette arrangement i regi av Kystsogevekene hausten 2017.

Barnehagen og skulen har avtale med prosjektet om å rydda og halda kulturminnet i orden.

Gjennom kunnskapar, forståing og opplevelingar får barna og elevane innblikk i livet til forfedrane våre som dei vil få nytte av når dei lærer meir om vår eigen kultur, og når dei lærer om kulturen og historia til andre menneske.

Prosjektet «Bruk av kulturminne i barnehagar og skular» er no nesten ferdig med å leggja til rette kulturminna i Hystadmarkjo på same måten. Her er Hystad skule og Sævarhagen barnehage med i prosjektgruppa.

► **Atle Bjørn Mæhle**